

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Føretak:	Helse Vest RHF
Dato:	18.09.2013
Sakhandsamar:	Terje Arne Krokvik
Saka gjeld:	Tildeling av internt lån til Helse Fonna for rehabilitering av sjukehusapoteket

Arkivsak
2012/333/
Styresak 101/13 B

Styremøte 02.10. 2013

Forslag til vedtak

Helse Fonna blir tildelt eit internt lån på kr 17,6 mill. til rehabilitering av lokala til sjukehusapoteket ved Haugesund Sjukehus.

Oppsummering

Helse Fonna har søkt om lån frå Helse Vest på kr 17,6 mill. til rehabilitering av lokala til sjukehusapoteket ved Haugesund Sjukehus.

Fakta

Styret i Helse Fonna er blitt gjort oppmerksom på at lokala i Cytostatika- og sterilproduksjonen ved Haugesund Sjukehus ikkje tilfredsstiller krava i lov og forskrift. Styret i Helse Fonna har og konkludert med at det er nødvendig at produksjonen held fram ved Haugesund Sjukehus. For at sjukehusapoteket skal kunne halde fram med produksjon er det nødvendig med ein rehabilitering av produksjons-, ekspedisjons- og kontorlokala ved Sjukehusapoteket i Haugesund.

Den valte løysinga inneber ei investering på kr 17,6 mill. Dette prosjektet var ikkje innarbeida i Helse Fonna sitt investeringsbudsjett for 2013. For å sikre ein vidare produksjon i sjukehuset vil administrerande direktør tilrå at Helse Fonna får tildelt eit internt lån på kr 17,6 mill. til gjennomføring av prosjektet. Investeringsbudsjettet til Helse Fonna blir føreslått auka med tilsvarande beløp. Opphavleg var dette tenkt finansiert av Sjukehusapoteke Vest, men grunna mellom anna mva-problematikk, blir det no tilrådd ei løysing der Helse Fonna bygger og leigar ut til Sjukehusapoteke Vest.

Det samla finansieringsgrunnlaget samt investeringsbudsjettet for Helse Vest blir då som følgjer:

Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2013:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteke	IKT	RHF	TOTAL
Resultat til styrking av finansiering	90 000	34 000	165 000	5 000	13 215	1 045	0	308 260
+ Avskrivning	230 669	123 554	485 000	107 000	4 276	144 479		1 094 978
+ Nedskrivning anleggsmidler	4 000							4 000
= Kontantstrøm frå drifta	324 669	157 554	650 000	112 000	17 491	145 524	0	1 407 238
+/- Førebels resultatavik 2012	-44 793	-24 869	42 552	-14 790	-2 112	6 854	368 270	331 112
+ Nedskrivning 2012	1 862	18 974	9 943	14 889				45 668
+ Opptak av nye lån			185 000					185 000
- Avdrag lån	-51 146	-14 204	-50 000	-11 600				-126 950
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest	-16 300	-27 000	-20 000	-14 400		77 700		0
+ Sal av anleggsmidler			33 000	1 000				34 000
+ Midlar til utviklingsprosjekt NSH				17 000				17 000
+/- Likviditet overført frå 2012	92 040		180 000	-47 000	1 509			226 549
Finansielt grunnlag	306 332	110 455	1 030 495	57 099	16 888	230 078	368 270	2 119 617
+ Interne lån overført fra 2011/12	66 112			60 000				126 112
+ Internt lån 2013		17 600					-17 600	0
Finansieringsgrunnlag								
investeringar inkl interne lån	372 444	128 055	1 030 495	117 099	16 888	230 078	350 670	2 245 729

Samandrag investeringar (Budsjett 2013)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteke	IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	170 050	76 100	682 000	73 750	11 950			1 013 850
Medisinteknisk utstyr	127 525	40 000	100 000	20 780				288 305
IKT						220 000		220 000
Anna	77 800	15 500	98 500	22 470	6 150			220 420
Sum investeringar 2012	375 375	131 600	880 500	117 000	18 100	220 000	0	1 742 575

Som det går fram av tabellen ovanfor må både Helse Stavanger og Helse Fonna gjere mindre tilpassingar i investeringsbudsjettet for å tilpasse seg det finansielle grunnlaget. Ut over dette er det tilstrekkeleg finansielt grunnlag til å gjennomføre investeringsplanen i 2013.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår å gje eit internt lån frå Helse Vest til Helse Fonna på kr 17,6 mill. til rehabilitering av lokala til sjukehusapoteket ved Haugesund Sjukehus.